



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

# Møteprotokoll

**Utvalg:** **Verneområdestyret for SVR**

**Møtested:** Åseral

**Dato:** 07.02.2019

**Tidspunkt:** 11:00- 15.00

**Godkjente timer for møtegodtgjersle:** 6 timer

**Følgende faste medlemmer møtte:**

| Navn                | Funksjon  |
|---------------------|-----------|
| Bjørn Laugaland     | Leder     |
| Oddmund Ljosland    | Nestleder |
| Steinar Kyrvestad   | Medlem    |
| Leiv Rygg Langerak  | Medlem    |
| Margrethe Handeland | Medlem    |
| Jan D Dalen         | Medlem    |
| Per Sverre Kvinlaug | Medlem    |

**Følgende medlemmer hadde meldt forfall:**

| Navn                      | Funksjon |
|---------------------------|----------|
| Thor Jørgen Tjørhom       | Medlem   |
| Gerd Helen Bø             | Medlem   |
| Bjarte Dagestad           | Medlem   |
| Margunn Nedrebø           | Medlem   |
| Oddlaug Hesland Tjomsland | Medlem   |
| Kari Raustein             | Medlem   |
| Eva Nilsen                | Medlem   |

**Følgende varamedlemmer møtte:**

| Navn          | Møtte for           |
|---------------|---------------------|
| Venke Tjørhom | Thor Jørgen Tjørhom |

**Fra administrasjonen møtte:**

| Navn           | Stilling             |
|----------------|----------------------|
| Alf Odden      | Verneområdeforvalter |
| Jørn Haug      | Verneområdeforvalter |
| Guro Sødergren | Verneområdeforvalter |

**Underskrift:**

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

---

Bjørn Laugaland

---

Venke Tjørhom

## Saksliste

| <b>Utvalgs-<br/>saksnr</b> | <b>Innhold</b>  |
|----------------------------|---|
| ST 1/19                    | Godkjenning av innkalling og saksliste  |
| ST 2/19                    | Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar  |
| ST 3/19                    | Orienteringer   |
| RS 1/19                    | Referatsaker  |
| RS 2/19                    | Tillatelse til transport med snøskuter til støl ved Rossåsen gnr/bnr: 27/1 i Ljosådalen naturreservat, Valle kommune  |
| RS 3/19                    | Tillatelse angående dispensasjon til bruk av snøskuter for leting etter sau i Åseralsheiane i SVR LVO, Kåre Skretting og Asle Ljosland  |
| RS 4/19                    | Innvilga søknad om dispensasjon om flaumførebygging, vedlikehaldsarbeid og motorferdsel på turstien til Røssdalsvatnet i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 68/1, Forsand kommune |
| RS 5/19                    | Innvilga søknad om utviding av tal på snøskuterar i dispensasjon til kjentmannsturar i Lusaheia landskapsvernområde   |
| RS 6/19                    | Tillatelse til kjøring med snøskuter i forbindelse med rivning og bygging av hytter ved Dalan ( ST 11/17) gnr/bnr 2/7 i Åseral kommune i SVR LVO  |
| RS 7/19                    | Tillatelse til transport med snøskuter i forbindelse med skolearrangement til Lakkenstova i Åseral kommune ( gnr/bnr 7/14- 7/13).   |
| RS 8/19                    | Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Brålandsstølen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 59/5-9, Gjesdal kommune  |
| RS 9/19                    | Avslag på søknad om dispensasjon til motorferdesel i samband med utlegging og drift av jerveåter i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune   |
| RS 10/19                   | Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med privat leteaksjon i Kvinesdal, Åseral og Hægebostad kommune- Leif Hunsbedt  |
| RS 11/19                   | Innvilga søknad om bruk av snøscooter i samband med saueleiting. Brå beite- og sankelagforening. Breland og Ljosland i Åseral kommune.  |
| RS 12/19                   | Innvilga søknad om dispensasjon til motorferdsel  |

til Blåfjellenden i Frafjordheiane  
landskapsvernombord, gnr/bnr, 62/1, Gjesdal  
kommune, Blåfjellenden beiteland

- RS 13/19 Innvilga søknad om dispensasjon til bygging av  
utedo ved Jensafet i Kvanndalen  
landskapsvernombord, gnr/bnr, 68/1, Suldal  
kommune
- ST 4/19 Søknad om preparering av skiløype til Sloaros i  
Bykle kommune. Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane  
landskapsvernombord.
- ST 5/19 Svar på søknad om endring på vedtak jf. ST  
38/17; endring av størrelse av jakthytte øst for  
Svartevassmagasinet i Sirdal Kommune, gnr/bnr;  
2/4, Sirdal Bygg for Ståle Kyllingstad
- ST 6/19 Søknad om bygging av driftshusvære ved  
Ormsavatn. 6/14, Jo Breivegen. Bykle kommune
- ST 7/19 Søknad om turrenn på ski rundt Skoræ i Åseral  
kommune- SVR LVO
- ST 8/19 Klage på avslag på søknad om dispensasjon til  
motorferdesel i samband med utlegging og drift  
av jerveåter i Dyraheio landskapsvernombord,  
Suldal kommune - Arve Aarhus
- ST 9/19 Eventuelt

### **ST 1/19 Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 07.02.2019**

Inga merknad.

Samrøystes

### **ST 2/19 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**

#### **Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 07.02.2019**

Bjørn Laugaland og Wenche Tjørhom

## **ST 3/19 Orienteringer**

### **Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 07.02.2019**

*Informasjon om arbeidet med kommunal sti- og løypeplan i Åseral kommune v/Randi Byremo og Kari Røynlid.*

#### *NVE si innstilling til OED i Sira - Kvina revisjonen v/Alf Odden*

NVE si innstilling vart sendt OED 20.12.2018. OED har allereie gjennomført ei avgrensa høyring av innstillinga. Verneområdestyret sende innspel til denne 28.1.2019. Med bakgrunn i presentasjonen frå Alf Odden drøfta styret vidare oppfølging av revisionssaka. Presentasjonen vert send med møteboka. Styret ønskjer ei brei vidare oppfølging. I dette ligg:

- Sende brev til OED med kritiske kommentarar til NVE si innstilling når rapporten frå GPS-merkeprosjektet ligg føre. Brevet vert sendt styremedlemmane i forkant.
- I samarbeid med andre aktørar, mellom anna villreinnemnd og NJFF, ta initiativet til ein nærmare dialog med OED om saka.
- Ta initiativ til ein lokal prosess med regulantar og turistforeininga med siktemål å kome fram til friviljug avtale om tiltak

#### *Økonomi v/Jørn Haug*

- For drift av verneområdestyret får SVR tildelt kr. 500 000 i 2019. Dette slik det vart søkt om og likt som for 2018. I tillegg er det løyva kr. 20 000 til forvaltningsplan (layout og trykking av forvaltningsplanen for Hovden).
- MD har signalisert at SVR vil få om lag kr. 1,1 mill. til tiltaksmidlar for 2019. Det vart søkt om i overkant av 2 mill. kr. Arbeidsutvalet handsamar ei sak om prioritering av midla. Saka vert sendt heile styret i forkant.

## **RS 1/19 Referatsaker**

**RS 2/19 Tillatelse til transport med snøskuter til støl ved Rossåsen gnr/bnr: 27/1 i Ljosådalen naturreservat, Valle kommune**

**RS 3/19 Tillatelse angående dispensasjon til bruk av snøskuter for leting etter sau i Åseralsheiane i SVR LVO, Kåre Skretting og Asle Ljosland**

**RS 4/19 Innvilga søknad om dispensasjon om flaumførebygging, vedlikehaldsarbeid og motorferdsel på turstien til Røssdalsvatnet i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 68/1, Forsand kommune**

**RS 5/19 Innvilga søknad om utviding av tal på snøskuterar i dispensasjon til kjentmannsturar i Lusaheia landskapsvernområde**

**RS 6/19 Tillatelse til kjøring med snøskuter i forbindelse med rivning og bygging av hytter ved Dalan ( ST 11/17) gnr/bnr 2/7 i Åseral kommune i SVR LVO**

**RS 7/19 Tillatelse til transport med snøskuter i forbindelse med skolearrangement til Lakkenstova i Åseral kommune ( gnr/bnr 7/14- 7/13).**

**RS 8/19 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Brålandsstølen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 59/5-9, Gjesdal kommune**

**RS 9/19 Avslag på søknad om dispensasjon til motorferdesel i samband med utlegging og drift av jerveåter i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune**

**RS 10/19 Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med privat leteaksjon i Kvinesdal, Åseral og Hægebostad kommune- Leif Hunsbedt**

**RS 11/19 Innvilga søknad om bruk av snøscooter i samband med saueleiting. Brå beite- og sankelagforening. Breland og Ljosland i Åseral kommune.**

**RS 12/19 Innvilga søknad om dispensasjon til motorferdsel til Blåfjellenden i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 62/1, Gjesdal kommune, Blåfjellenden beitlag**

**RS 13/19 Innvilga søknad om dispensasjon til bygging av utedo ved Jensafet i Kvanndalen landskapsvernområde, gnr/bnr, 68/1, Suldal kommune**

**ST 4/19 Søknad om preparering av skiløype til Sloaros i Bykle kommune. Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde.**

# Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 07.02.2019

## Handsaming

Nytt framlegg frå Jan Dalen:

«*Med heimel i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. 5.5 vert Bykle kommune gjeve løyve til å maskinparerere skiløypa frå Storenos 1 til Sloaros i tråd med gjeldande kommunedelplan.*

Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

1. *Løyvet gjeld for 2019 og 2020. For 2019 kan løypa preparerast frå og med fredag 8.2.2019 til og med 22.4. 2019. Med unntak av i vinterferien og i påska skal løypa berre preparerast frå og med fredag til og med sundag. Tilsvarande gjeld for 2020 men tilpassa datoar for vinterferie og påske i 2020.*
2. *Dersom det under oppkøyring er villrein i eller nær traseen, skal løypekøyraren straks vende og køyre tilbake i dei oppkøyrdde spora, med berre belte og ikkje sporsetjaren nede i snøen. I slike tilfelle skal tiltakshavar konsultere forvaltningsstyresmakta før løypa eventuelt blir køyrd opp att eller fullført. Forvaltningsstyresmakta kan trekke tilbake løyve gitt etter første ledd dersom det er naudsynt av omsyn til villreinen.*

*I forståing av kva som er villrein «i eller nær traseen» jfr. prikkpunkt 2 ovanfor skal det som hovudregel leggast til grunn om ein ser villrein i ei sone på 300 m. på kvar side av traseen.*

*For å ha oversyn over ferdsla i område må kommunen syte for plassering av ferdselsteljarar langs løypa til Sloaros. Alternativ gjere manuelle teljingar på utvalde dagar avklara med forvaltningsmyndigheita.*

*Kommunen må ha ein tett dialog med lokalt SNO slik at ein så langt som råd har ein god oversikt over kva område det er villrein.*

*Innan 1. juni kvart år må det sendast inn logg for røynsla med prepareringa inneverande sesong.*

*Etter sesongen 2020 føreset verneområdestyret at det vert ei evaluering av ordninga.*

Nytt framlegg frå Jan Dalen samrøystes vedteken.

## **Vedtak**

«*Med heimel i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. 5.5 vert Bykle kommune gjeve løyve til å maskinparerere skiløypa frå Storenos 1 til Sloaros i tråd med gjeldande kommunedelplan.*

Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

3. *Løyvet gjeld for 2019 og 2020. For 2019 kan løypa preparerast frå og med fredag 8.2.2019 til og med 22.4. 2019. Med unntak av i vinterferien og i påska skal løypa berre preparerast frå og med fredag til og med sundag. Tilsvarande gjeld for 2020 men tilpassa datoar for vinterferie og påske i 2020.*
4. *Dersom det under oppkøyring er villrein i eller nær traseen, skal løypekøyraren straks vende og køyre tilbake i dei oppkøyrdde spora, med berre belte og ikkje sporsetjaren nede i snøen. I slike tilfelle skal tiltakshavar konsultere forvaltningsstyresmakta før løypa eventuelt blir køyrd opp att eller fullført. Forvaltningsstyresmakta kan trekke tilbake løyve gitt etter første ledd dersom det er naudsynt av omsyn til villreinen.*

*I forståing av kva som er villrein «i eller nær traseen» jfr. prikkpunkt 2 ovanfor skal det som hovudregel leggast til grunn om ein ser villrein i ei sone på 300 m. på kvar side av traseen.*

*For å ha oversyn over ferdsla i område må kommunen syte for plassering av ferdselsteljarar langs løypa til Sloaros. Alternativ gjere manuelle teljingar på utvalde dagar avklara med forvaltningsmyndigheita.*

*Kommunen må ha ein tett dialog med lokalt SNO slik at ein så langt som råd har ein god oversikt over*

kva område det er villrein.

Innan 1. juni kvart år må det sendast inn logg for røynsla med prepareringa inneverande sesong.

Etter sesongen 2020 føreset verneområdestyret at det vert ei evaluering av ordninga.

## Forvalters innstilling

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 5.5 vert Bykle kommune gjeve løyve til å maskinparapare skiløypa frå Storenos 1 til Sloaros. Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Preparering skal avgrensast til perioden fredag før palmehelga til 2. påskedag der denne ikkje er seinare enn 24. april.
- Om det under oppkjøring er villrein i eller nær traseen, skal løypekjøyraren straks vende og køyre tilbake i dei oppkjørde spora med berre belte og ikkje sporetjaren nede i snøen. I slike tilfelle skal tiltakshavar konsultere forvalningsstyresmakta før løypa eventuelt blir kjørt opp att.  
Forvalningsstyresmakta kan trekke tilbake løyve gitt etter første ledd dersom det er naudsynt av omsyn til villreinen. I forståing av kva som er villrein «*i eller nær traseen*» skal det som hovudregel leggast til grunn om ein ser villrein i ei sone på 500 m. på kvar side av traseen.
- Kommunen må ha ein tett dialog med lokalt SNO slik at ein så langt som råd har ein god oversikt over kva område det er villrein.

Løyvet gjeld for tre år, dvs. til og med 2021. Innan 1. juni kvart år skal det sendast inn ein kort rapport om røynsla frå preparering.

Med heimel i verneforskrifta kap. 5.1.a vert det gjeven avslag på preparering av traseen utover perioden i påsken.

Som grunngjeving for avgjerda legg verneområdestyret vekt på at det ikkje er tilrådeleg å styre og kanalisere ferdsel inn i viktige vinterbeiteområde for villrein. Villreinens områdebruk er godt dokumentert gjennom GPS-merkeprosjektet og røynsla frå maskinparaparing i 2018. Maskinparaparing i påska tillatast da det gjeld eit kort tidsrom og ei tid på året der maskinparaparing kan ha ein viss kanaliserande effekt. Det synast også å vera ein tendens til at dyra i nokon grad trekk ut i andre område sein i sesongen.

# **ST 5/19 Svar på søknad om endring på vedtak jf. ST 38/17; endring av størrelse av jakthytte øst for Svartevassmagasinet i Sirdal Kommune, gnr/bnr; 2/4, Sirdal Bygg for Ståle Kyllingstad**

## **Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 07.02.2019**

### **Handsaming**

Som framlegg til vedtak men der det må gå fram av vedtak at det vert gjeven delvis avslag ved at storleiken på bygningen vert redusert frå 40 m<sup>2</sup> BYA til 30 m<sup>2</sup> i tråd med føringar i forvaltningsplanen.

Samrøystes.

### **Vedtak**

I medhold av naturmangfoldloven § 48 får Ståle Kyllingstad tillatelse til å øke areal jf. ST 38/17 (riving og flytting av hytte ved Øreknuten øst for Svartevassmagasinet) i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde i Sirdal kommune (gnr/bnr: 2/4). Det ble omsøkt en størrelse på 40 kvm, men hytta skal ikke ha et areal som overskider 30kvm (BYA) inkludert uthus som er i tråd med forvaltningsplan for SVR.

### **Vilkår:**

- Hytta skal være tilpasset terrenget, og den skal ikke plasseres eller utformes slik at de virker ruvende og dominerende i landskapet, eller blir stående i silhuett.
- Hyttas endelige plassering skal godkjennes av sekretariatet før byggearbeid starter.
- Hytta skal plasseres minst 50 meter fra kultminnestien.
- Hytta skal ikke være til hinder for tradisjonelt friluftsliv eller drifteveier/stier.
- Byggearbeidet skal foregå på en så skånsom måte som mulig for naturmangfoldet, planering av byggetomta er ikke tillatt.
- Fundamentering skal bestå av naturstein eller støypte påler.
- Det må søkes om eget løyve til motorisert ferdsel i forbindelse med transport av byggemateriale, utstyr og avfall.
- Alt avfall fra rivning og fra byggearbeidet skal fjernes og leveres på godkjent mottak innen november 2020.
- Byggearbeidet og rivning skal være ferdig innen november 2020.

### **Forvalters innstilling**

I medhold av naturmangfoldloven § 48 får Ståle Kyllingstad tillatelse til å øke areal jf. ST 38/17 (riving og flytting av hytte ved Øreknuten øst for Svartevassmagasinet) i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde i Sirdal kommune (gnr/bnr: 2/4). Den nye hytta skal ikke ha et areal som overskider 30kvm (BYA) inkludert uthus.

## Vilkår:

- Hytta skal være tilpasset terrenget, og den skal ikke plasseres eller utformes slik at de virker ruvende og dominerende i landskapet, eller blir stående i silhuett.
- Hyttas endelige plassering skal godkjennes av sekretariatet før byggearbeid starter.
- Hytta skal plasseres minst 50 meter fra kultminnestien.
- Hytta skal ikke være til hinder for tradisjonelt friluftsliv eller drifteveier/stier.
- Byggearbeidet skal foregå på en så skånsom måte som mulig for naturmangfoldet, planering av byggetomta er ikke tillatt.
- Fundamentering skal bestå av naturstein eller støypte påler.
- Det må søkes om eget løyve til motorisert ferdsel i forbindelse med transport av byggemateriale, utstyr og avfall.
- Alt avfall fra rivning og fra byggearbeidet skal fjernes og leveres på godkjent mottak innen november 2020.
- Byggearbeidet og rivning skal være ferdig innen november 2020.

## ST 6/19 Søknad om bygging av driftshusvære ved Ormsavatn. 6/14, Jo Breivegen. Bykle kommune

### Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 07.02.2019

#### Handsaming

Nytt framlegg frå Jan Dalen:

*Grunneigar Jo Breivegen får løyve til å føre opp driftshusvære ved Ormsavatn i tråd med søknad.*

*Trong for driftshusvære på eigedomen er godt dokumentert. Eit driftshusvære i området vil kunne styrke driftsgrunnlaget på garden og lette arbeidet med sanking og ettersyn av sau på beite. Tiltaket er planlagt i område det før er to hytter og i område med fleire store inngrep som kraftmagasin, veg og straumline. Særleg i samband med villreinjakta er det ein god del ferdsel i området kring Ormsavatn og inn langs anleggsvegen.*

*Løyvet vert gjeven som dispensasjon frå Naturmangfoldlova § 48. Tiltaket vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig og vil ikkje endre landskapets art og karakter. Tiltaket vil såleis ikkje vera i strid med verneføremålet.*

*Utforming av bygningen skal vera i tråd med føringar gjeven i forvaltningsplanen for SVR.*

*Søknaden må sendast Bykle kommune for handsaming etter Plan- og bygningslova.*

Nytt framlegg frå Jan Dalen samrøystes vedteken

## Vedtak

*Grunneigar Jo Breivegen får løyve til å føre opp driftshusvære ved Ormsavatn i tråd med søknad.*

*Trong for driftshusvære på eigedomen er godt dokumentert. Eit driftshusvære i området vil kunne styrke driftsgrunnlaget på garden og lette arbeidet med sinking og ettersyn av sau på beite. Tiltaket er planlagt i område det frå før er to hytter og i område med fleire store inngrep som kraftmagasin, veg og straumline. Særleg i samband med villreinjakta er det ein god del ferdsel i området kring Ormsavatn og inn langs anleggsvegen.*

*Løyvet vert gjeven som dispensasjon frå Naturmangfoldlova § 48. Tiltaket vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig og vil ikkje endre landskapets art og karakter. Tiltaket vil såleis ikkje vera i strid med verneføremålet.*

*Utforming av bygningen skal vera i tråd med føringar gjeven i forvaltningsplanen for SVR.*

*Søknaden må sendast Bykle kommune for handsaming etter Plan- og bygningslova.*

## **Forvalters innstilling**

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. 1.1* vert det gjeven avslag på søknad frå Jo Breivegen gnr. 6, bnr. 14 om bygging av driftshusvære ved Ormsavatn i Bykle.

Tiltaket er lokalisert i område av særleg stor viktigkeit for villrein i høve til trekk og beite. Området ligg også i restriksjonsområde kalvingssone jfr. verneforskrifta kap. 4.2. Eit kvart tiltak som kan verke forstyrrende på villreinens bruk av området kan difor ikkje tillatast. Eit nytt driftshusvære i området vil føre til auka aktivitet og ferdsel i området. Sjølv om omfanget av dette forventast å vera liten må det leggast avgjerande vekt på føre – var prinsippet i naturmangfaldlova § 9. Ut frå dette er ikkje vilkåra til stades for å kunne gi dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48.

Søkar har gjeve ei grundig grunngjeving av behovet til driftshusværet, og verneområdestyret ser at eit driftshusvære i område vil kunne styrke driftsgrunnlaget på garden og lette arbeidet med sinking og ettersyn av sau på beite. For ivaretaking av verneverdiar og verneføremål som omtala ovanfor er det likevel ikkje grunnlag for å tillate bygging

# **ST 7/19 Søknad om turrenn på ski rundt Skoræ i Åseral kommune- SVR LVO**

## **Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 07.02.2019**

Handsaming: Oddmund Ljosland ba styret vurdere om han er ugild i saka. Han er far til søker. Styret erklærte Ljosland som ugild i saka.

### Handsaming

Samrøystes vedteken i tråd med sinnstilling.

## **Forvalters innstilling**

I medhold av kapittel 4, punkt 4.1 i forskrift om vern av Setesdal Vesthei og Ryfylkeheine landskapsvernområde får Ljosland Skisenter tillatelse til å arrangere turrennet «Skoræ rundt» 30 mars 2019.

I medhold av § 48 i naturmangfoldloven får Ljosland skisenter bruke snøskuter i forbindelse med transporter knyttet til frakt av utstyr og mannskap.

- To transporter i forkant av rennet med maks to snøskutere med slede for planlegging av plassering av poster samt skilting.
- En transport med maks to snøskutere med slede i forbindelse med frakt av utstyr til Lakkenstova dagen før rennet.
- Fem snøskutere med slede i forbindelse med sikringsposter samt oppsamlingsrunde med fjerning av søppel/skilting osv løpsdagen 30 mars.

Tillatelsen gjelder fra 29- 30 mars 2019.

### Andre vilkår:

- Godkjent løyvet om maskinpreparering må foreligge etter forskrift om vern av Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane.
- Dette løyvet er bare gyldig sammen med kommunalt løyve etter Lov om motorferdsel i utmark og islagte vassdrag.
- Dersom transporten går over andre sin eiendom, må innehaver av løyvet selv innhente samtykke fra grunneier.
- Løyvet skal alltid være med under arrangementet.
- Løyvet kan trekkes tilbake på kort varsel i perioder dersom hensyn til viltet krever det.
- Dersom det observeres villrein langs kjøreruta skal turen avventes til faren for forstyrrelser ikke lenger er tilstede.
- Alt av søppel ol. etter gjennomført arrangement skal ryddes opp innen 30 mars.

## **ST 8/19 Klage på avslag på søknad om dispensasjon til motorferdesel i samband med utlegging og drift av jerveåter i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune - Arve Aarhus**

### **Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 07.02.2019**

#### Handsaming

Bjørn Laugaland ba styret vurdere om han var ugild i saka. Han har sau på beite i kringliggjande fjellområde. Styret erklærte Laugaland som gild.

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

#### **Forvalters innstilling**

Verneområdestyret tek ikkje klagen på Delegert vedtak 8/19 til følgje.

Klagen inneheld ikkje nye moment som skulle gi grunnlag for ei omgjering av vedtaket.

Klagen sendes til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

## **ST 9/19 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 07.02.2019**

ST 9/19 Eventuelt

- Styremedlemmane vert oppmoda om å sende inn krav om møtegodtgjersle og reiserekning fortløpande gjennom året.
- Nytt frå Miljødirektoratet (MD):
  - Det har vore ei omorganisering i MD. Olav Nord-Varhaug vil framover ha ansvaret for å følgje opp SVR.
  - Besøksstrategi for SVR er godkjend. MD hadde gløymd å sende ut melding om dette.
- Forvalningssekretariatet har fått inn søknad om tilbygg på gjeterhytte i Dalan i Åseral. Diverre vart søknaden liggjande lenge før den kom inn i arkivsystemet. Forvalningssekretariatet skriv ei sak på denne for handsaming på epost i arbeidsutvalet.